

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 06.12.2021
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Styret si eigenevaluering 2021**

ARKIVSAK: 2021/8217
STYREMØTE: **17.12.2021**

Oppsummering

Det er eit krav i protokoll frå føretaksmøtet at helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg, gjerne mot slutten av året. Oppsummering av evalueringa skal vidareformidlast til eigar. Dette kravet er også formidla gjennom revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak, jf. punkt 4.4.7.

Fakta

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei vedteke i styremøte Helse Vest RHF 22.06.2011, jf. sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blir utfylt elektronisk av alle styremedlemmer i Helse Førde HF i forkant av handsaming i styret. Oppsummeringa blir utsendt/utdelt til styremøte 17.12.2021.

Det er det same skjemaet som har vore brukt årleg frå 2011, dette for at ein vil følge utviklinga over tid.

Kommentarar

Styret si eigenevaluering blir gjennomført som ein elektronisk spørjeundersøking. Styret sin gjennomgang og dialog om resultat av spørjeundersøkinga inngår ikkje i styremøtet, men blir gjennomført i lukka del i styremøte 17.12.2021. Styret si drøfting av eigenevalueringa vil leggest til grunn for ev justeringar i styret sitt arbeid.

Oppsummering frå styret si eigenevaluering blir oversendt til Helse Vest RHF.

Vedlegg:

Oppsummering – Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør
Vedlegget er u. off. jf. Offentlegheitslova § 14 første ledd